

Til Redaksjonen
06.07.2010

Eninvest bygger ut fibernett på Farsund og Sunde

Interessa for fiber i Sogn og Fjordane er stor. Eninvest har vore ein pådrivar for utbygging av fiber. I Førde skal dei no i gang med sitt sjette felt: Farsund og Sunde. Utbygging startar i august, og dei første kundane får levert breiband, telefoni og digital-TV i slutten av september.

Ein av dei som no skal få fiber i heimen er Odd Erik Gullaksen, direktør på Rica Sunnfjord Hotell. Familien Gullaksen bur på Farsund, og gler seg til å få ein leverandør av TV og Internett. – Fram til no har vi hatt to ulike leverandørar av fjernsyn og internett i heimen. Eg har og hatt IP-telefon heime, som har vore ganske ustabil. Det same gjeld for fjernsynssignalet. Vi ligg i grenseland for dekninga til RiksTV – så når det er overskya hender det vi misser signal. Det er ein av grunnane til at vi ønskjer fiber – tilgang til stabilt fjernsyn, internett og telefoni, og ikkje minst å kunne skreddarsy fjernsynstilbodet meir enn i dag. Via Get-systemet og Eninvest får ein høve til det. Vi ønskjer også å ha ein leverandør på alle tre tenestene, det ser vi på som ein stor fordel, og avgjerande for valet av fiber, seier han.

Og ikkje minst ser han det som ein fordel å kunne halde seg til ein lokal aktør.

– Både vi og naboane i feltet er veldig glad for å ha ein lokal leverandør som Eninvest. Vi ser det som ein stor fordel med ein lokal aktør, seier han.

Både liten og stor

Både Gullaksen og kona set pris på fiber sin effekt på mogelegheitene for å jobbe heimafrå, og ikkje minst stabilt internett til ungene sine.

– Familien brukar internett i fritid, yrke og på skule. Det er jo mest avgjerande for ungene å ha tilgang på stabilt nett, dei brukar jo nettet mykje meir enn oss vaksne. Ein brukar internett mykje i skularbeidet i dag, heilt frå barneskulenivå. Vi har ei dotter som skal til på vidaregåande skule frå hausten av, og reknar med at tilgangen på stabilt internett ikkje blir mindre viktig då, fortel Gullaksen og held fram. – Både eg og kona mi, Anne Oline Farsund Gullaksen, har ofte med jobben heim. Hurtig, effektivt og stabilt internett er avgjerande for å kunne jobbe heimanifrå i dag.

Som hotelldirektør ser han behovet for god infrastruktur dagleg.

– Fiber er kjempeviktig for næringslivet. I Førde er vi rimeleg godt forspent med internett, og det treng vi. Her på hotellet etterspør gjestane god tilgang til internett, spesielt på konferansar ol. Då er ein heilt avhengig av å kunne tilby god tilgang til raske og stabile internettlinjer, slår han fast.

Fiber er framtida

Nandor Helgheim har leia Eninvest sidan starten, og er glad for å sjå fiber breie om seg.

– Fiber er ein uslåeleg infrastruktur i dag, spesielt nyttig for dei som har stort internettkonsum, og brukar mange tenester via nett. For eksempel moderne fjernsyn/telefoni/videoløysingar, fortel

han. – Fiber er den beste og enklaste måte til å fylle alle behov i ei løysing, seier han, sidan det gjev høve til å kombinere høghastigheitsbreiband, telefoni og TV levert på same kabel. Vi samarbeider med selskapet Get, som leverer digital-TV via fiber. Dette gjev blant anna tilgang til attraktive TV-kanalar, samt filmleigetenester via fjernkontrollen, seier han.

Breidda av tilbod og bruksområde vil berre auke.

– Behovet for fiberbaserte kommunikasjonsløyningar vil sannsynleg auke i framtida. Husstandar som vel å legge inn fiberkabel i heimen står følgjeleg betre rusta til å ta i bruk framtidige innhaldstenester, seier han.

Fiber har vore på den lokale marknaden i halvanna år, og vinn stadig terreng.

– Enivest har så langt hatt Fiberprosjekt i Førde, Florø og Stryn, og så skal vi til på Eid. Fiber er eit viktig vekstområdet for Enivest, og ein ny teknologi på eit tidlig stadium. Så det skjer mykje på tenestesida, der ein får stadig nye og spennande tilbod og bruksområde, seier Helgheim.

Utbreiinga av fiber lokalt er størst i Førde, der Enivest alt har bygd ut i felta Slåtten, Viebøen, Vieåsen, Ytre Hafstad, Flatene, før dei no skal til på Farsund/Sunde.

– Utbreiinga av fiber varierer ut frå kor ein er i landet, men vi føler det er eit godt kjent tilbod her i Førde, der vi byrja utbygging av første feltet for halvtanna år sidan, avsluttar Helgheim.